



Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:
Anniken Heggedal
Tlf. 57612717

Vår referanse:
12/3521-19-ANHE-
FA - L12

Dato:
01.10.2018

Førde kommune - Kunngjering om høyring og offentleg ettersyn - detaljregulering Sandtak Vie

Planutvalet har gjort vedtak om å legge framlegg til detaljregulering Sandtak Vie ut til offentleg ettersyn i samsvar med Plan og Bygningslova § 12-10.

Utlegginga er kunngjort i Firda og på kommunen sine nettsider, www.forde.kommune.no
Planframlegget er tilgjengeleg på Førde Bibliotek - Førdehuset og på Førde kommune – Servicetorget, samt under Kunngjeringar på kommunen sine nettsider.

Utleggingsperioden er: **01.10.2018 – 12.11.2018**

Dette brevet går likelydande til offentlege instansar og til grunneigarar/rettshavarar i området så langt det går fram av kommunale register.

Grunneigarar, naboar og offentlege mynde vert så vidt mogeleg varsla direkte med dette brevet. Vedlegga går berre til e-postmottakarar. Andre som har interesse av planen i papirformat, kan få tilsendt eller hente tilsvarande hefte på Servicetorget i Førde kommune dersom dette er ynskjeleg.

Det vert for ordens skuld gjort merksam på at det berre er plankartet og føresegnene som er til handsaming (juridisk bindande). Planomtale og andre vedlegg skal vere ein del av planmaterialet, jf. PBL § 4-2, og skal gjere greie for føremål, innhald og verknader av planen.

Merknadsfristen er sett til: **12. november 2018.**

Eventuelle merknader til planen skal sendast til Førde kommune, Planutvalet, Boks 338, 6801 Førde, eller som e-post: postmottak@forde.kommune.no

Med helsing

Anniken Heggedal
Arealplanleggjar

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

Kopi til:
Arvid Tveit

Vedlegg:

Detaljregulering Sandtak Vie - Framlegg for høyring og offentleg ettersyn
Detaljregulering Sandtak Vie - Framlegg for høyring og offentleg ettersyn
SV: Sandtak Vie- endring av plandokument
Planomtale med ROS og føresegner Sandtak Vie 27.06.2018 (L)(445518)
143220080002_Sandtak-Vie_flyfto_rev_27-06-2018
Multiconsult - stabil avslutning av masseuttak 14.nov 2012
Rapport frå kulturhistorisk registrering 03.01.12
Sandtak Vie- Detaljregulering-3D bilder
Sandtak Vie planprogram rev 08.10.09.pdf(47070)